

Oppland fylkeskommune v/Opplandstrafikk  
Postboks 988  
2626 LILLEHAMMER

Dato: 02.05.2017  
Vår ref.: 2016/34613-10  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til søknad frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om ruteløyve for strekninga Bergen - Voss - Lillehammer

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 28.11.16 i høve søknad frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om ruteløyve for strekninga Bergen – Voss – Lillehammer, og seinare korrespondanse i saka.

Hordaland fylkesutval gjorde i møte 30.03.17 følgjande vedtak i saka.

Hordaland fylkeskommune rår til at søknad av 17.11.2016 frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap, om ruteløyve for strekninga Bergen – Lillehammer vert imøtekomen. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett følgjande vilkår for ruteløyvet:

- a) Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen – Indre Arna.
- b) Nye bussar som vert anskaffa og nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande avgasstandard.
- c) Hordaland fylkeskommune vert høve til å gje pålegg om kva trasé og haldeplassar ruta skal nytte i Hordaland.
- d) Takstregulativet skal ha rabattordningar for studentar, tenestepliktige, barn og honnør.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*